



Margun Eik på veg til topps i Nuten opp

Resultatlista for Løpskarusellen i fjor er positiv lesnad for Uskedalen. Bygda har mange sprekingar som har plassert seg høgt på listene og Margun Eik har gått heilt til topps med 75 poeng.

Her på kvinnesida er Ingebjørg Haugland nummer 3 med 55 og Cathrine Haugland nummer 4 med 37.

Blant mennene er Steinar Haugland nummer 2 med 63 medan vinnaren Erlend J. Jensen frå Trio hadde 75.

Bjørn E. Haugland hadde 47, Torstein Monsen 45, Jostein Saghaug 43, Kurt Haugland 38, Lars Haugland 37, Steinar Kroka 29, Tor Vidar Sæle 20 og Pål Haugland 15.

Karusellen vert rekna som fullført hvis ein deltek i 2 løp eller fleire. 3 beste løp gjer 75 poeng og teljande var Opsangervatnet rundt, Åkraløpet, Solfjell opp, Sunnhordlandsmeisterskapet 800 meter, Nuten opp, Søralløpet, Fonnabu opp, Varden opp og Kvinnheradløpet.